


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



6-åringane og Marie 2 år i Vik kyrkje påska 2019

Foto : Helge Grønningsæter



ÅRGANG 72

NR. 02 SOMMAR 2019

*Gød
sømmar!*

Salme

*Gud skapte lyset og livet og meg,
Og himlen med stjerner og jorden med fjell.
Han vil meg det beste, han kjenner min vei
Hver natt og hver morgen, hver dag og hver kveld.*

Omkved:

*Jeg tror på Gud Fader, jeg tror på Guds Sønn,
jeg tror på Den hellige ånd.
Så hellig, allmektig, så god imot meg,
treenige Gud, jeg vil lovsynge deg.*

*Kongen fra himlen ble født som min bror,
han trøstet de svake, var venn med de små.
Han lærte meg sannhet, han gav meg sitt ord,
han vant over døden og er hos meg nå.*

*Her er min kirke, her hører jeg med,
her møter jeg andre som tror på Guds Sønn.
Den hellige ånd gir meg trygghet og fred,
vi svarer med tillit og lovsang og bønn.*

Vidar Kristensen 2003 NoS nr. 243

Glimt frå Trusopplæringa 6 års fase i Vik sokn



Palmesøndag var det 6-åringane som var spesielt invitert til gudsteneste. Gudstenesta starta med prosesjon og 6 åringane kom inn med greiner for å illustrere inntoget i Jerusalem den påska då Jesus døydde. Siste åra har vi hatt konfirmanter som ministrantar. Denne søndagen var det Daniel og Kasper som var lysberarar under lesing av evangeliet. Ein ettermiddag før gudstenesta var seksåringane samla i kyrkja. Det var måltid, øving på song, arbeidshefte og tid til å bli litt kjent med gudsteneste og kyrkja. Dei som kunne møte på gudstenesta fekk boka si og kvitterte med frisk song. (dei som ikkje kan vere tilstade ved utdelingar, får boka på Vik kyrkjekontor – ta berre kontakt)

Krøllegudsteneste - 3 års fase

I år hadde vi «Krøllegudsteneste» for dei som blir 3 år i 2019 både i Vik og i Feios også 4-åringar.

Det var svært enkle og korte gudstenester tilrettelagt for dei yngste borna.

Vi hadde mykje song og vi dramatiserte forteljinga om den bortkomne sau.

Det var spennande å leite etter Krølle og glede når han var funnen.

Borna fekk også boka «Kvar er Krølle?» med forteljing, regler og songar.

Vi avslutta med enkel kyrkjekaffi i kyrkja.

*Kvardags-
skulebornsong
i Feios*



Kyrkjevalet i Vik 2019

Di stemme tel i Kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til og kommunestyre og fylkesting og i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Du kan også stemme på førehand frå 10. august til 6. september på Vik kyrkjekontor måndag – fredag kl.09-15.

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidat til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet Vik har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidat til sokneråda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidat ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Bjørgvin bispedøme stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidat og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista

dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

Frå juss til gudsteneste

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Første veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem! Les meir om kandidatane til begge vala her i bladet og på nettsida vår eller på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Visste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkjemedlemmer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulike utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemmer blir stemde inn i Kyrkjevalet 2019.

**Kyrkje-
valet
2019**

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Arnafjord sokn

- Vallokale 9.sept. kl.13.00-19.00

Valsvik skule, Framfjorden

Det skal velgast 4 medlemer og 5 varamedlemer

- | | |
|---------------------------------------|---------|
| 1. Ola Engum | f. 1948 |
| 2. Else Karin Sætre | f. 1944 |
| 3. Endre Nese | f. 1975 |
| 4. Kari Johanna Bruland Dale | f. 1958 |
| 5. Gjertrud Gudny Heggenes | f. 1950 |
| 6. Magnhild Kristine Hauglum | f. 1946 |
| 7. Geir Christian Simlenes Otterskred | f. 1976 |
| 8. Olav Dale | f. 1953 |
| 9. | |

Vangsnes sokn

- Vallokale 9.sept. kl.13.00 – 19.00, Vangsnes skule, Vangsnes

Det skal velgast 4 medlemer og 5 varamedlemer

- | | |
|-----------------------------------|---------|
| 1. Laila Sunde | f. 1970 |
| 2. Arnhild Solveig Skjerven Holen | f. 1956 |
| 3. Marianne Lunde | f. 1970 |
| 4. Marit Lovise Hanekam | f. 1969 |
| 5. Laila Kristin Sætre | f. 1975 |
| 6. Trine Lise Gjerde | f. 1981 |
| 7. Erlend Hanekam | f. 1988 |
| 8. Asbjørn Lidal | f. 1967 |
| 9. | |

Vik sokn

- Vallokale 9.sept. kl.09.00-20.00

NAV-lokala, Kommunehuset i Vik

Det skal velgast 8 medlemer og 5 varamedlemer

- | | |
|--------------------------|---------|
| 1. Reidunn Bolstad | f. 1974 |
| 2. Per Olav Geithus | f. 1958 |
| 3. Marit Irene Lunde | f. 1961 |
| 4. Kjellaug Rivedal | f. 1956 |
| 5. Kårhild Melheim Rinde | f. 1952 |

- | | |
|-----------------------------|---------|
| 6. Ellbjørg Vikøren Tenold | f. 1958 |
| 7. Thorleif Thorsen | f. 1946 |
| 8. Siri Margrethe Finne | f. 1986 |
| 9. Brit Eli Vassli | f. 1963 |
| 10. Kari Haga | f. 1955 |
| 11. Bjørg Solveig Grønsberg | f. 1946 |
| 12. Aud Helga Bell Hove | f. 1955 |
| 13. Oddrun Time | f. 1973 |

Feios sokn

- Vallokale 9.sept. kl.13.00-19.00

Feios skule, Feios

Det skal velgast 6 medlemer og 5 varamedlemer

- | | |
|---------------------------|---------|
| 1. Leif Eikeland | f. 1952 |
| 2. Åse Skjerdal Grindedal | f. 1973 |
| 3. Roger Ulvestad | f. 1976 |
| 4. Maria Tveit Lunde | f. 1991 |
| 5. Monica Feidje Midlang | f. 1983 |
| 6. Leif Bjarne Bjørnstad | f. 1970 |
| 7. Terje Høyum | f. 1974 |
| 8. Astrid Tveit | f. 1962 |
| 9. Marita Sveum | f. 1991 |
| 10. Gjertrud Samland | f. 1974 |
| 11. Arnstein Feidje Linde | f. 1960 |
| 12. Jorunn Vangsnes | f. 1974 |

Fresvik sokn

- Vallokale 9.sept. kl.13.00 – 19.00

Fresvik Ungdomshus, Fresvik

Det skal velgast 4 medlemer og 5 varamedlemer


- | | |
|--------------------------|---------|
| 1. Marianne Bøthun | f. 1969 |
| 2. Geir Ove Bøthun | f. 1971 |
| 3. Rolf-Arne Olsen | f. 1947 |
| 4. Frode Høgberg | f. 1975 |
| 5. Bente Settevik | f. 1959 |
| 6. Hans Ivar Bøthun | f. 1967 |
| 7. Ragnvald Grov Sjørdal | f. 1968 |
| 8. Monica Haglund | f. 1977 |
| 9. Vegard Flæte Skogheim | f. 1987 |



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på kyrkja.no/bjorgvin eller kyrkjevalet.no. Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedømerådsvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.

Kyrkja må leiast av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkjelysten til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som søker Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på www.bonnelista.no



Stein Oltedal

f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



Solaug Anita Apelthun Sæle

f. 1951, økonomisjef, Fjell.



John Eivind Warvik

f. 1994, pioner/tømrar, Ortnevik.



Anne Kristine Torvik Christiansen

f. 1954, vernepleiar, Fjell.



Øyvind Skartveit

f. 1992, student, Tysnes.



Magdalena Steinhovden

f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



Stig Bruun

f. 1968, økonom, Rådal.



Jan Frank Leirkar Christiansen

f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



Anna Helena Bruun

f. 1974, rekneskapsfører, Rådal.



Andreas Skjelde

f. 1993, student, Slettebakken.

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på nominasjonslisten.no



Vemund Atle Øiestad

f. 1948, pensjonist, Nordsida, Nordfjord.



Turid Fjose

f. 1969, overlege, Voss.



Per Hilleren

f. 1959, bonde, Stedje.



Mali Smemo Hjemdal

f. 1973, rådgjevar, Etne.

Ønskjer du meir informasjon?
Sjå kyrkjevalet.no

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019



Gerhard August Hansen

f. 1951, pensjonist, Os.



Daniel Kydland

f. 1997, student, Knarvik.



Madli Kvamme Hannisdal

f. 1950, pensjonist, Osterøy.



Leif Steinar Alfsvåg

f. 1959, fagseksjonsleiar, Stord.



Harald Berge Breistein

f. 1956, dagleg leiar, Åsane.



Arve Kjell Uthaug

f. 1967, administrasjonssjef, Frekhaug.



Kristian Slettebø

f. 1989, revisor, Bergen.



Liv Oddlaug Skaaheim

f. 1948, pensjonist, Førde.



Ingrid Grimstad

f. 2000, student, Stord.

Open folkekyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles www.apenfolkekirke.org for fullstendig valgprogram.



Karl Johan Kirkebø

f. 1950, pensjonist, Bergen.



Nora Sætre Baartvedt

f. 1994, teologi-student, Voss.



Runar Larsen

f. 1997, student, Sveio.



Line Berggreen Jacobsen

f. 1986, rådgjevar, Bergen.



Oddny Irene Miljeteig

f. 1954, komitéleiar, Bergen.



Eiel Holten

f. 1968, seniorrådgjevar, Bergen.



Åse Kongsvik

f. 1962, rettleiar, Leikanger.



Erik Torp Nilssen

f. 1947, pensjonist, Førde.



Torill Jørgensen Frøise

f. 1972, gruppe-sekretær, Askøy.



Håkon Glatved-Prahl

f. 1956, journalist, Alversund.




Marit Melvær Berge

f. 1952, pensjonist, Florø.



Christian Emil Haugen

f. 1990, student, Bergen.



Therese Nesse Møkelbost

f. 1973, administrasjons-konsulent, Bergen.



Ann Elisabeth Tveit

f. 1972, lærar, Bergen.

Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i ein rom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

Ønskjer du meir informasjon?
Sjå kyrkjevalet.no

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

Konfirmasjon 2019



VIK 12.MAI

Framme frå venstre: Ivar Årestrup, Steffen Nesheim, prest Stein Arne Larsson, Kasper Kolltveit Birkeland, Amaris Jo Perolino Brekke.

2.rekke til v. Daniel Tenold-Saglien og til h. Endre Ruud Solberg.

3.rekke frå v. Erika Brekke, Ingeborg Hagheim Hove, Emma Tryti Myrkaskog, Ingvild Fjærestad Hønsi.

Bakerst frå v.: Alette Espeland Aase, Solveig Brudevoll og Brita Lundeland

(foto kjh)



FEIOS KYRKJE 27.APRIL

Frå venstre: Harald Brekke, Turid Johanne Grindedal, Agathe Feidje, Rebekka Midlang Harbakk og Henrik Tveit

(Foto: privat)

**FRESVIK
KYRKJE
27.APRIL**

Maren
Bøthun
og Tiril
Bøthun

*(Foto:
privat)*



**ARNAFJORD
KYRKJE 26.MAI**

Birgit Halset og prest
Stein Arne Larsson
(foto pog)



12



**VANGSNES KYRKJE
30.MAI**

Framme frå v. Prest
Stein Arne Lars-
son, Erika Husebø,
Vilde Sætre Samland,
Elida Espeland.
Bak til venstre: Brage
Lunde Fjærestad – til
høgre Mathias Holen.
(foto pog)

GULLKONFIRMANTANE



Damer frå venstre : Anita Fossøy f. Hjortland, Marit Vangsnes Stadheim, Jorunn Orvedal, Karin Bremer f. Nesse, Inger Fjærestad Skjelmerud, Anne Grethe Tveit og Borgny Seim Navarsete. Menn frå venstre: Arnstein Hove, Inge Fridell, Osvald Risløw, Odd Rune Turvoll, Oddvar Magne Grønsberg og Svein Inge Wold.



Det var særleg kjekt å snakke med Ingebjørg Pedersen (framme i midten) på Kyrkjekaffien. Ho var ein av lærarane til denne flokken.

Dei som var konfirmerte i Arna fjord, Vik og Vangsnes 1969 var invitert til jubileum 15. og 16. juni. Vi starta samlinga laurdagen med middag på Blix hotell. Vi var nøgde med både mat og servering. Etter desserten kom det nokre «gamle damer» luskaende inn og sa noko om at alt va' betre før.... Skikkeleg kjekt at Gygrene stiller opp år etter år på desse samlingane. Dei delte både skjemt og alvor gjennom sin vakre song. Prest Stein Arne Larsson hadde ei helsing til jubilantane og fekk Gygrene med på song dei også hadde framført på konfirmasjons-gudstenester 2019. Stor takk til Gygrene og Stein Arne!

På søndag møttest vi til gudsteneste i Vik kyrkje. Der var det presentasjon av jubilantane og ei aldri så lita «overhøyring» - om enn ikkje så alvorleg

som for 50 år sidan. Den gongen var overhøyring og konfirmasjon same dag.

Etter gudstenesta samlast vi saman med kyrkjelyden elles til nydelege kaker & kaffi i Kyrkjestova. Takk til Vik sokneråd også for dekking og oppvask i Kyrkjestova!

Det skal godt gjerast at det høver for alle når ein inviterer til jubileum, men vi vil her takke kvar enkelt som kom! Håper alle hadde det skikkeleg kjekt!

kjh



Døpte:

Fresvik:

14.04.19. Alfred Breili Rygg

Vik:

19.04.19. Sigurd Seljestø Hauge

21.04.19. Selma Myrkaskog-Risløv

02.06.19 Olivia Nilssen-Tenold

Feios:

21.04.19. Daniel Sviggum
Hjortland

Vangsnes:

29.05.19. Erika Husebø

Uigde:

Vik kyrkje:

02.06.19. Henny Sataslåtten og
Rolv Eirik Fjærestad

29.06.19. Jofrid Orvedal Aase
og Jan Adriaan Erling
Verbeeten

Døde:

Arnafjord:

26.03.19. Birger Hylland f.1938

Fresvik:

26.03.19. Åse Helene Takvam
Flæte f. 1938

12.06.19. Harald Hov f. 1926

Vik:

30.03.19. Kirsten Lunde Skeie
f. 1921

Namn og nummer

Vik kyrjekontor Tlf. 479 77 806

Kyrkjevevje

Ingvar Vangsnes - Tlf. 479 77 806
mobil 901 11 530
ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

Sokneprest - for tida vikar

Prostiprest 50 %

Stein Arne Larsson Tlf. 948 87 965
stein.arne.larsson@vik.kommune.no

Organist - vakant stilling

Kyrkjelydspeagog - vakant stilling

Kyrkjelydssekretær 60%

Kirsti Jelle Hopperstad Tlf. 911 01 653
kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene 80%

Nils Kvamme Tlf. 957 30 615

Kyrkjetenar Vik & Vangsnes, gudstenester

Jonathan Nahayo Tlf. 941 71 504

Kyrkjetenar i Feios, gudstenester

Britt Inger Rinde Eikeland Tlf. 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik, gudstenester

Henk van Nierop Tlf. 918 70 581

Vik kyrkjelege Fellesråd, Leiar

Ingunn Bjørk Refsdal Tlf. 971 86 721

Soknerådsleiarar:

Vik:

Reidunn Bolstad Tlf. 905 33 581

Arnafjord:

Camilla Z. Hove Tlf. 957 39 867

Vangsnes:

Erlend Hanekam Tlf. 416 34 981

Feios:

Rune Hjortland Tlf. 957 66 551

Fresvik:

Anita Høydal Tlf. 975 37 879

Utleige Kyrkjestova:

Inger Anne O. Tryti Tlf. 482 40 316

Sylvi H. Nummedal Tlf. 469 28 613

Kirsti J. Hopperstad Tlf. 911 01 653

Nummedals Gravferdsbyrå

v/Arnfinn Nummedal Tlf. 918 85 770

VELKOMMEN TIL KYRKJE

21.Juli Aposteldagen
Mark 3,13-19

kl.11.00

Hopperstad stavkyrkje
Gudsteneste v/ S.A. Larsson Dåp
Offer: Trusopplæringa

29.juli Olsok
Luk 22,24-27

kl.18.00

Hove steinkyrkje
Olsokmesse v/ J.O. Thaule Dåp
Offer: Misjonsprosjektet
«Madagaskar»

4.aug. 8.s.i treeining
Mark 12,28-34

kl.11.00

Arnafjord kyrkje
Gudsteneste v/ Kathrine Valle
Nattverd Offer

11.aug. 9s.i treeining
Luk 6,36-42

kl.11.00

Vik kyrkje
Gudsteneste Nattverd
Det Norske Bibelselskap

18.aug. 10 s. i treeining
Mark 11,25-26

kl.11.00

Feios kyrkje
Gudsteneste Nattverd Offer

25.aug. 11.s.i treeining
Joh 8, 31-36

kl.11.00

Sveastemne
Gudsteneste v/ S.A. Larsson Dåp
Offer

kl.16.00

Vik kyrkje
Gudsteneste. Nattverd
Offer: Norsk Lærerakademi

1.sept. 12.s.i treeining
Joh 4,27-30,39-43

kl.11.00

Vik kyrkje
Gudsteneste m/
konfirmantpresentasjon
Offer

Kl.16.00

Vangsnes kyrkje
Gudsteneste m/
konfirmantpresentasjon
Offer

8.sept. 13.s.i treeining
Joh 15,9-12

kl.11.00

Feios kyrkje
Gudsteneste v/ S.A. Larsson
Konfirmantpresentasjon,
Bibelutdeling,
4- og 6 årsfase. Offer

15.sept. Vingardss.

Matt 19, 27-30

**Inga gudsteneste i Vik på grunn av
arr. Hove steinkyrkje**

22.sept. 15.s.i treeining
Joh. 15, 9-12

kl.11.00

Fresvik kyrkje
Gudsteneste v/ S.A. Larsson Offer
Konfirmantpresentasjon
Bibelutdeling

kl.16.00

Arnafjord kyrkje
Gudsteneste
Konfirmantpresentasjon
Offer

INFORMASJON

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik

TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger

BLADSTYRER : Kirsti Jelle Hopperstad

KASSERAR : Sylvi Nummedal

BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-

BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMMEN TIL KYRKJE

29.sept. Mikkelmesse Joh 1,47 – 41	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste Tårnagentar Offer
6.okt. 17.s.i treeining Mark 5, 35-43	kl.11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste Nattverd Offer
13.okt. 18.s.i treeining Mark 1,40-45	kl.11.00	Feios kyrkje Gudsteneste Nattverd Offer
20.okt. 19.s.i treeining Luk 9,57-62	kl.11.00	Vik kyrkje Gudsteneste 4-års fase Offer
27.okt. Bots- og bøneding Luk 15,11-32	kl.11.00	Arnafjord kyrkje Helgemesse Vi minnest dei som har gått bort
3.nov. Helgemesse Joh 11, 19-27	kl.11.00	Fresvik kyrkje Helgemesse Vi minnest dei som har gått bort
	kl.16.00	Vik kyrkje Helgemesse Vi minnest dei som har gått bort
10.nov. 22.s. i treeining Luk 10,25-37	kl. 11.00	Vangsnes kyrkje Gudsteneste 3-, 4- og 6 års fase Offer

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

16

Vi tek atterhald om endringar,
sjå gudstenesteliste i Sogn Avis og på plakater.

KYRKJESKYSS:

Vik: Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)

Vangsnes: Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981F

Feios: Ring leiar Rune Hjortland 957 66 551

Fresvik: Ring Nann Ingunn Simlenes 415 70 815

Arnafjord: Ring leiar Camilla Zweidorff Hove 957 39 867